



Barnehagen gjekk soltog gjennom sentrum og fram til SPAR.

Ein strålende flott vinterdag sist veka, fann barn og vaksne ut at dei ville ta med seg dei fine solene barna hadde laga i barnehagen til karnevalet, å gje dei til Sparbutikken vår. Gjennom bygda gjekk barn og vaksne i tog medan dei sang vårsongar, og i hendene heldt barna solene sine.

På denne måten ville solene ikkje bare varme og gleda oss i barnehagen når vestlandsveret med vind og regn kosta over bygda, men også bygdefolket som tok seg ein tur innom Sparbutikken på handel, ville få glede av solene barna hadde laga.

Vel framme på Sparbutikken blir barn og vaksne tekne godt i mot. Barna sang vårsongar og gav solene dei hadde laga til betjininga. Solene til barna blei hengt opp i vindauga, og barna fekk kvar sin is som takk. Ungane var samde i at vi er veldig heldige som hadde verdas beste Sparbutikk i bygda. Stor takk til Spar frå små og store i Uskedalen barnehage.

Tekst/foto: Ann Irene Sæle
Nett: Kristian Bringedal



Barnehgen lovprisar at sola er tilbake med soltog gjennom bygda.